

Ikkje offentleg: jf. offl. § 26 2. ledd, kandidat til utmerking

### **Saksgang**

| Utv  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 16.09.2020 |

### **Folkemusikkstipend 2020 - tildeling**

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 110 000 kr til folkemusikkstipend fordelt slik:

| Søkn.nr | Søkjar                  | Stipend                   | Tilrådd sum |
|---------|-------------------------|---------------------------|-------------|
| 1       | Steinar Rygg            | Folkemusikkstipend        | 60 000 kr   |
| 2       | Maria Skjeldrum Toppe   | Folkemusikk Ung – stipend | 25 000 kr   |
| 3       | Johanne Løkensgard Mjøs | Folkemusikk Ung – stipend | 25 000 kr   |
| 4       | Mathilde Skjæret        | Folkemusikk Ung – stipend | Avslag      |
| 5       | Arne Anderdal           | Folkemusikkstipend        | Avslag      |
| 6       | Silje Solberg           | Folkemusikkstipend        | Avslag      |
| 7       | Liv Ulvik               | Folkemusikkstipend        | Avslag      |

Samandrag

Denne saka gjeld tildeling av Vestland fylkeskommune sine folkemusikkstipend for 2020.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg  
Oversikt over søkerar

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Generelt:

**Vedtakskompetanse:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

**Budsjett 2020:** 110 000 kr av totalt 860 000 kr på budsjettposten Stipend for 2020 skal fordelast på 3 folkemusikkstipend.  
Eit stipend á 60 000 kr  
To Folkemusikk Ung-stipend á 25 000 kr

**Søknadsfrist 2020:** 1. juli 2020

**Vedtak kriteria:** [KULII 21. april 2020, PS 59/2020](#)

**Kriteria og informasjon om ordninga:** <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/folkemusikkstipend/>

**Tal på søknadar:** 7

**Tal på søknadar som vart tildelt støtte:** 3

**Samla løying:** Sum kr. 110 000

#### Føremål med ordninga

Vestland fylkeskommune har teke eit særskild ansvar for folkemusikkfeltet og den immaterielle kulturarven, og ønskjer gjennom folkemusikkstipenda å oppmuntre til kunstnarleg utvikling, og å styrke og sikre arbeid med immateriell kulturarv.

Stipenda kan tildelast musikkarar, songrarar og dansarar og dei som arbeider med dokumentasjon, formidling eller instrumentbygging. Stipenda er meint å gje høve til ein periode med fordjuping og/eller fagleg påfyll og utvikling.

#### Søknader og vurdering

Det vart lyst ut følgjande stipend med frist 1. juli 2020:

- Folkemusikkstipend – eit stipend á 60 000 kroner
- Folkemusikk Ung – to stipend á 25 000 kroner til søkerar under 30 år

Vestland fylkeskommune har mottatt 7 søkerar. 3 søkerar er under 30 år og vurdert til Folkemusikk Ung – stipend. 4 søkerar er over 30 år og vurdert til Folkemusikkstipend.

I følge innretting og kriterium for stipendordninga skal ein rådgjevande fagkomité vurdere søkeradene og komme med ei innstilling. Alle organisasjonane/institusjonane som vart bedd om å nemne opp medlemmar har gjort dette. Medlemmane sit i 2 år.

Fagkomiteen for folkemusikkstipend perioden 2020 – 2021 er:

- Førdefestivalen – Sølvi Lien
- Osafestivalen – Ida Dyrkorn Heierland
- Sogn og Fjordane folkemusikklag – Dagfrid Vallestad Brevik
- Hordaland folkemusikklag – Alexander Aga Røynstrand (Per Øyvind Tveiten vikar på møtet)
- Sogn og Fjordane ungdomslag – Olaf Skjerdal
- Hordaland ungdomslag – Øystein Rambjørg
- Hardingfela.no – Rannveig Djønne (sekretariat for komitéen)

Fagkomitéen for folkemusikkstipend hadde eit digitalt møte 19. august 2020, og har komme med si grunngjevne innstilling på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering av aktivitet og kvalitet.

I følgje innretting og kriterium for ordninga blir det ikkje lagt fram offentlege vurderingar av andre enn dei nominerte kandidatane.

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å slutte seg til fagkomiteen si innstilling.

#### Følgjande søker er innstilt til folkemusikkstipend på 60 000 kr

##### **Steinar Rygg (f. 1969): Bok om Leif Rygg og vidareutvikling som utøvar**

Steinar Rygg frå Voss og ein av landets fremste hardingfelespelarar. Han er aktiv både som solist og i grupper, og har fleire plateutgjevingar bak seg. På Landskappleiken spelar han i A-klassen, og han har fleire gode resultat. Attåt har han arrangert fleire spelekurs og har vore aktiv som pedagog på hardingfele.

Steinar Rygg har teke permisjon frå stillinga si som rektor dette skuleåret. Året vil han nytte til å samle materiale og skrive bok om far sin Leif Rygg. Dette store dokumentasjonsarbeidet kjem til å komme heile landet til gode. Det er skrive intensjonsavtale med Skald forlag, med mål om å ha boka ferdig for sal til jul 2021. Han ynskjer også å nytte året til å utvikle seg sjølv som hardingfelespelar ved å ta speletimar og å gje ut sin eigen musikk i samarbeid med andre.

#### Følgjande to søkerar er innstilt til Folkemusikk Ung stipend på 25 000 kr (til søkerar under 30 år)

##### **Maria Skjeldrum Toppe (f. 1992) – Hardingeple. Utarbeiding av læreverk for hardingfelespel**

Maria Skjeldrum Toppe frå Bergen er musikkterapeut og hardingfelelærar i Bergen Kulturskule og hardingfelelærar i Osterøy kulturskule. Ho driv samstundes med aktiv verksemad som instruktør, utøvar og rekrutteringsarbeidar til folkemusikken. Ho har utdanninga si frå Griegakademiet og har teke instruktørkurs i Norges Ungdomslag, gått Master Class Hardanger med Knut Hamre som hovudlærar i 3 år og teke etterutdanning innan dans, bevegelse og helse.

##### **Johanne Løkensgard Mjøs (f. 1990) - Hardingeple. Utarbeiding av læreverk for hardingfelespel**

Johanne Løkensgard Mjøs frå Bergen er kulturskulelærar ved Voss kulturskule, og elles ein særskilt aktiv pedagog, førelesar og utøvar både på hardingfele og klassisk fiolin. Ho brenn for rekrutteringsarbeid og miljøskaping. Utdanninga si har ho frå Ole Bull Akademiet og frå Griegakademiet. Ho har også gått Master Class Hardanger med Knut Hamre som hovudlærar i 2 år.

Det er ikkje så mykje nedskrive/innspelt opplæringsmateriale som eksisterer for hardingfele. Johanne Løkensgard Mjøs og Maria Skjeldrum Toppe vil etablira eit læreverk for hardingfele basert på Vestlandstradisjonen. Slåttane og arrangementa skal vere tilpassa ulike nivå.

Johanne Løkensgard Mjøs og Maria Skjeldrum Toppe skal nytte stipenda til å fordjupe seg i kvar sine delar av dette arbeidet. Stipenda vil bli nytta til å gå gjennom eksisterande opplæringsmateriale, finne eigna slåttar i Arne Bjørndal samling, tilpasse desse, lage arrangement og komponere nytt materiale.

Dette arbeidet er særskilt viktig i høve formidling, miljøskaping og rekruttering, og kjem til å kome heile folkemusikkmiljøet på Vestlandet til gode.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar/stipendordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken i Vestland fylkeskommune.

**Klima:** Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at dei tildelte stipenda vil gje monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordningar er eit av verkemidla for å følgje opp viktige satsingar i dei to gjeldande regionale kulturplanane.

#### **Konklusjon**

På bakgrunn av fagkomiteen si innstilling gjer hovudutval kultur, idrett og integrering vedtak om tildeling av folkemusikkstipend for 2020.